



Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem eit nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med fokus på søknadsfristar og ordningar. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar første kvartal 2026

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme, inkludert inndregne midlar	
		Gloppen	Stad
Straumstøtte		Les meir her .	
SMIL	1. mars	810 000	780 000
Tiltak i beiteområde	1. mars	179 000	170 000
Produksjonstilskot del 1	15. mars		
Utviklingsfondet	15. mars	For grunneigarar med rettar innanfor Naustdal-Gjengedal lvo. Les meir her .	
Melde inn/trekke ut eigedom/jaktfelt av vald	1. april	Jaktrettshavar melder til valdansvarleg	
Melde inn/trekke ut vald av bestandsplanområde	1. april	Valdansvarleg melder til bestandsplanområde	
Endring/godkjenning av vald	1. mai	Valdansvarleg søker til kommunen	
Godkjenning/endring av bestandsplan på hjort	1. mai	Valdansvarleg søker til kommunen	
UKL Stad	30. april		730 000
Drenering	Løpande	210 000	180 000
Tilskot til skogkultur	Løpande	200 000	100 000
Tilskot til taubane	Løpande		

Oppsummering PT, RMP og OBB 2025

Produksjonstilskot

Vi har behandla 443 søknadar for begge kommunane, derav fire søknadar som har fått avslag

fordi dei ikkje var kvalifisert etter forskrifta for tilskot. Søknadane er stort sett gode, og det er svært positivt med all den gode landbruksaktiviteten rundt omkring i kommunane!
Det er nokre utfordringar som går igjen. No som det nærmar seg søknad del 1 for 2026 vil vi sette fokus på desse:

Føretak som driv med geit utan å levere dyr til slakt

Det er i hovudsak to grunnar til dette:

- Livdyrsal: Slik drift reknast som vanleg jordbruksproduksjon med næringsmessig preg, og føretaket har rett på husdyrtilskot for ammegeit. Kommunen må vite at føretaket har hatt inntekter frå livdyrsal, opplys gjerne om dette i kommentarfeltet i søknaden.
- Landskapspleie: Dersom drifta ikkje produserer kjøt eller andre salsvarer reknast **ikkje** drifta som vanleg jordbruksproduksjon med næringsmessig preg. Føretaket har ikkje rett til husdyrtilskot for ammegeit. Føretaket har likevel rett til beitetilskot for dyra, og ammegeiter ein disponerer på teljedato 1. mars skal med i grunnlaget for utrekning av arealtilskot.

Kommunen ynskjer difor å vite tal ammegeiter føretaket har disponert på teljedato 1. mars, og ber om at føretaka opplyser om dette i kommentarfeltet i søknaden.

Låg avdrått på sau

Kommunen er pliktig å vurdere om føretaket sin produksjon tilfredsstillar krava til avdrått definert i regelverket for ordninga. I vurderinga ser ein på slakteleveransar registrert i Leveransedatabasen. Tala blir m.a. samanlikna med landssnittet på lammetal per søye og slaktevekter. Dersom føretaket kjem under terskelverdiane skal kommunen sjå nærmare på drifta. Det kan vere ulike årsaker til dette, der nokre av dei er heilt naturlege.

Opplys gjerne om slike forhold i kommentarfeltet i søknaden, t.d.:

- Lette rasar: I vurderinga skal ein ta høgde for variasjonar mellom rasar. Dersom føretaket har lettare rasar enn NKS vil tala naturleg blir lågare enn det totale landssnittet.
- Forbigåande forhold utanfor føretaket si kontroll, t.d. sjukdom i besetninga, uheldige med paringa osb.
- Føretaket er i ferd med å bygge opp/auke besetninga.



*Sau på beite i Hoddevika.
Foto: Bernt Reed, Gloppen kommune.*

Storfe

Vi minner om å **oppdatere husdyrregisteret** slik at det stemmer overeins med tala i søknaden.

- Areal skal berre førast opp i del 2 av søknaden. **Vi minner likevel om å sjekke om det har vore markslagsendringar som du er ueinig i**, og oppmodar til å ta kontakt med kommunen så fort som råd dersom du har areal du ønsker vurdert.

Ring oss gjerne eller avtal tid og kom innom dersom du har spørsmål til søknadsskjema, ordningane elle anna, helst i god tid før søknadsfristen går ut.

Regionalt miljøprogram (RMP)



Miljøvenleg spreiking av husdyrgjødsel.
Foto: Norsk landbruksrådgiving (NLR).

Vi har behandla 285 søknadar for begge kommunane, derav ingen søknadar som har fått avslag. For miljøvenleg spreiking av husdyrgjødsel må det søkjast både på nedfelling/nedlegging og slange for å få fullt tilskot. Vi ser diverre at det vert utegløymt å søkje begge tiltaka og då kan ikkje kommunen legge inn det som er gløymt.

Tilskot til klimarådgjeving skal vidareførast i 2026. Det vert ei anna søknadsprosedyre enn før og vi veit ikkje heilt korleis dette vert i skrivande stund. Tiltaket «Beiting av verdifulle jordbrukslandskap» gjeld vaksen sau over 600 meter. Det har vore ein del feilføringar her. RMP ei god ordning som fleire kan nytte seg av, sjølv om det kan vere vanskeleg å navigere i kva tiltak det kan søkjast på. Landbrukskontoret kan rettleie her. Ta kontakt i god tid.

Organisert beitebruk

Her har vi behandla 26 søknadar. Det er i regelen lite feil i denne ordninga. Her legg beitelaga ned ein stor innsats for å samle inn data til søknaden og det er bra!

Hugs å bestille planter og plantearbeid



Ny skog veks opp.
Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Skal du plante ny skog i år, må du bestille planter og ev. plantearbeid snarast! Alle skogeigarar er forplikta til sørge for forynging av hogde areal. Har du hatt flatehogst, er det planting som er foryngingsmetoden.

Du kan kontakte tømmerkjøparar som har hatt hogst hos deg eller Skogselskapet i Sogn og Fjordane for å høyre om plantebestilling og ev. bestilling av plantearbeid i tillegg om du ikkje skal plante sjølv. Dei ulike selskapa har truleg ulike fristar, antakeleg bør du raske på om du skal få planter til vårplanting.

Kommunen vil arrangere kurs i både planting og ungskogpleie til våren, som vi rår til at alle skogeigarar får med seg slik at du både får planta skikkeleg eller kan ta ein sjekk av utført arbeid av entreprenør i plantefeltet ditt i etterkant. Følg med på heimesidene. Under ser du tilrådingar og krav til tettleik i foryngelsesfelt. Etter planting er utført, kan du søkje om tilskot og refusjon frå skogfondet ditt frå kommunen.

Gran- og/eller lauvdominert skog				Furudominert skog		
	G26–G20	G17–G14	G11–G6	F20–F17	F14–F11	F8–F6
Tilrådd plantetal pr. dekar	300–180	230–130	140–60	340–190	240–120	130–80
Minste lovlege plantetal pr. dekar	150	100	50	150	100	50

Sommarjobb i skogbruket for ungdom – JOB:U

Gloppen og Stad kommune held fram i Skogselskapet i Sogn og Fjordane sitt prosjekt *JOB:U, Sommarjobb for ungdom i skogbruket*. Dette er eit rekrutteringsprosjekt for å vise kva moglegheiter som ligg i skogbruket for ungdom og som også bidreg til å få gjennomført ungskogpleie for skogeigarar som vi veit mange har behov for. Vi vidarefører prosjektet både i Gloppen og Stad kommune og håpar at mange lokale ungdomar har lyst å ha sommarjobb i skogen.



*Nøgne ungdomar på jobb i plantefelta i Gloppen i 2025.
Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.*

Her er det viktig at de som mottok nyheitsbrevet vidareformidlar tips om sommarjobb til ungdom de kjenner! Dei må like å arbeide ute i alle slags ver og vere interessert i fysisk krevjande arbeid.

Lenkje til meir informasjon og søknadsskjema finn du her:

<https://skogselskapet.no/sommarjobb-for-ungdom/> . **Søknadsfristen er 1. mars.**

Har du felt du ynskjer å få ungskogpleie på, så ta kontakt med oss, så skal vi vidareformidle til Skogselskapet som vil ta kontakt med tilbod på ungskogpleie.

Støtte til tradisjonelt landbruk, frukt, bær og småskala grønt og tilleggsnæringar i Vestland 2026

- Les om tradisjonelt landbruk på heimesida til Innovasjon Norge [Tradisjonelt landbruk | Innovasjon Norge](#)
- Tilleggsnæringar finn du meir informasjon om her [Andre landbruks- og reindriftsbaserte næringar | Innovasjon Norge](#)
- Tilskot til effektivisering av ressursbruk eller reduksjon av klimagassutslepp innan jordbruket eller skogbruket kan du lese meir om her [Bionova - fornybar energi, bioøkonomi og teknologi | Innovasjon Norge](#)

Har du planar om å bygge lausdriftsfjøs har Innovasjon Norge eit nettkurs for deg. Det passer både for nye og erfarne bønder som ønskjer å optimalisere drifta [Slik lykkes du med nytt løsdriftsfjøs](#) - Innovasjon Norges kompetansesenter.

Husdyrgjødsel og avstand til vatn

Det kan vere lurt å tenke gjennom dette før gjødselsesongen startar. I Regionalt miljøprogram er det i prioriterte område krav om kantsone mot vassdrag for å vere kvalifisert til tilskot. Formålet med tilskotet er å stimulere til at areal som grensar mot vassdrag ikkje blir gjødsla eller sprøyta.

Kantsone Regionalt miljøprogram (RMP)

Det er også i produksjonstilskotet eit miljøkrav om vegetasjonssonar. Denne sona skal vere minst to meter. Formålet er å ivareta miljøverdiane i kulturlandskapet og redusere mogeleg avrenning frå jordbruksareal.

[Landbruksdirektoratet om miljøkrav i søknad om produksjonstilskot](#)

Prosjekt - Rekruttering til bærneringa

Fleire treff og aktivitetar er gjennomført og planlagt i rekrutteringsprosjektet Landbrukskontoret organiserer. Onsdag 11. februar blir det [inspirasjonssamling på Innvik Frukttlager](#). Responsen har vore så god at kapasiteten på frukttlageret *nesten* er sprengt, men vi trur vi skal få plass! Vi gler oss til ei samling med både nye og etablerte produsentar.

I slutten av mai blir det studietur til Sogn. Vi skal innom både Njøs frukt- og børsenter og Lerumfabrikken, i tillegg til besøk hos bærprodusentar som driv med både jordbær og bringebær, på friland og i tunnel. Ta kontakt dersom du er interessert i å vere med eller ynskjer meir informasjon!

Hjortejakt 2025

Det vart felt mindre hjort i Gloppen og Stad i 2025 enn dei to føregåande åra. Gloppen kommune fekk eit fellingsresultat på 779 dyr (som er det 3. høgaste nokon sinne), mens Stad kommune felte 989 dyr. Det kan sjå ut som at vi no har klart å stogge den store auka som har vore og at hjortetettleiken har begynt å stabilisere seg. Det er framleis mykje hjort igjen sjølv om nokre område merker stor endring i hjortetettleiken og ser lite dyr. Andre område har framleis høg tettleik. Om ein skal få til ein reell reduksjon i hjortetettleiken totalt, slik som kommunen har mål om, so er det viktig at ein fortsett med eit høgt uttak. Tidlegare trendkurver har synt at det i periodar med stabil eller redusert hjortetettleik ofte blir felt færre dyr og koller blir spart. Dette kan føre til rask og ukontrollert auke på ny.

Prosentfordelinga på kjønn og alder i uttaket har vore god i begge kommunane. Det er teke ut litt mindre del kalv og litt høgare del ungdyr samanlikna med dei siste åra. Begge kommunane har tilnærma likt uttak på kjønn med ein liten overvekt av koller i uttaket.

Det er vanskeleg å vite kor stor verknad auka bruk av termisk har på statistikken då vi ikkje har oversikt over kor mange jegerar som nyttar termisk og heller ikkje korleis dei nyttar det i registrering av sett hjort. Norsk institutt for Naturforskning (NINA) har gjennomført ei spørjeundersøking om dette. Vi håper det blir meir forskning på dette feltet. Det er sannsynleg at Hjorteviltregisteret vil



Hjort i vinterlandskap. Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.

lage til ein rettleiar for korleis ein skal registrere sett hjort med termisk i framtida, men dette er per i dag ikkje klart.

Det kjem til å bli halde hjorteutvalsmøter i begge kommunane, men dette vert antakeleg ikkje før i mars. På møte vil statistikken frå jakta bli lagt fram og eit referat vil bli sendt til alle valdleiarane i kommunane, samt at kopi kjem til å bli lagt på heimesida til begge kommunane.

Høyringssak om hjort

I Stad kommune har det kome inn forslag om ny vurdering av minstearealet i gamle Selje kommune. Eit forslag har vore ute på høyring med høyringsfrist 6. februar. Det blir no jobba med å lage til ei sak for kommunestyret der oppdatert forskrift blir vedteke. Det ligg an til at minstearealet for alle valda frå og med Hove-Hammarsvik og Sandvik-Sandvik-Otneim og sørover (med unnatak av Seljateigane og Barmen) får eit minsteareal på 500 dekar. Valda nord for dette får ingen endring i minstearealet. Sjølv om minstearealet truleg vert endra betyr det ikkje at alle valda får tildelt fleire løyve i 2026. Det vil bli gjort individuell vurdering for kvart vald kvart år.

Komande fristar i hjorteforvaltninga

1. april

- Jaktrettshavarar som ønskjer å trekke ein eigedom/jaktfelt ut av eit godkjent eller omsøkt vald må gje beskjed til valdleiar.
- Vald som ønskjer å trekke seg ut av eit godkjent bestandsplanområde må gje beskjed til bestandsplanområdets representant.

1. mai

- Søkje kommunen om godkjenning av vald.
- Melde endringar i valdet til kommunen.
- Søkje kommunen om godkjenning/endring av bestandsplan.

Vald med godkjent bestandsplan kan søkje om endringar i bestandsplanen kvart år gjennom planperioden.

Vald som får årleg tildeling av fellingsløyve treng ikkje å søkje til kommunen.

Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (LVO)

Det er no ope for å søkje om tilskot frå utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal lvo.

Utviklingsfondet kan nyttast til næringsutvikling, fellestiltak og tiltak for folk flest i nærområdet til, eller innafor verneområdet.



*Frå Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde.
Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.*

Grunneigarar og grunneigarsamanslutningar med rettar innanfor landskapsvernområdet kan søke om tilskot. Det same kan lag, organisasjonar og andre som ønskjer å utvikle verdiane i området (krav om samarbeidsavtale med rettshavarar knytt til verneområdet).

Søknadsfrist 15. mars. Søknad sendast digitalt via Gloppen kommune sin [heimeside](#) - trykk på "Utviklingsfond Naustdal-Gjengedal" for å få opp lenke til søknadsskjema og vedtekter.

Nye reglar for lagring og bruk av gjødsel

Det er vedteke ny forskrift som gjeld bruk av både husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Forskrifta har bl.a. nye reglar for spreiemengd og spreietidspunkt. Krava er betydeleg innskjerpa i høve til tidlegare og det er derfor viktig at du som bonde set deg inn i dei nye reglane.

Kommunen skal godkjenne innmarksbeite for bruk av husdyrgjødsel etter søknad. For dei som treng det ligg skjema her:

Søknadsskjema Gloppen: <https://dialog.gloppen.kommune.no/dialogue/GKO-45>

Søknadssenter Stad: <https://stad.kommune.no/sd/>

Ei god oversikt finn du også på landbruksdirektoratet sine nettsider.

Lenke til sidene: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/nyhetsrom/nyhetsarkiv/nye-regler-for-lagring-og-bruk-av-gjodsel-trer-i-kraft>

Rettleiing til gjødselbrukforskrifta finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/miljo-og-klima/husdyrgjodsel-og-gjodsling/rettleiing-til-gjodselbrukforskrifta>

Helsing Jofrid, Lindis, Bernt, Karoline, Odd-Harald og Trine!